



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
03/22	Politisk arbeidsutval - framtidsretta barnehage- og skulestruktur	25.10.2022
132/22	Formannskapet	08.11.2022
112/22	Kommunestyre	14.11.2022

### Skulestruktur - bruk av skulebygget som har vore nytta som vidaregåande skule i Syvde

#### Samandrag:

Kommunen arbeida i perioden 2019 - 2021 med framtidig barnehage- og skulebruksplan, og med bakgrunn i dette arbeidet var det fremja ei politisk sak i kommunestyret 6. september 2021. Kommunestyret vedtok da i vedtak PS 88/21 å behalde strukturen for klassetrinna 1. til 7. klasse samt at det skulle setjast ned eit skulestrukturutval for mellom anna å sjå på ungdomstrinnet, og det var fastsett mandat til utvalet og ein intensjon om å ta i avgjerd i 2023.

Kommunedirektøren har med bakgrunn i mandatet fått utgreidd saka knytt til bruk av skulebygget til den tidlegare vidaregåande skulen i samråd om i møte med skulestrukturutvalet, og det blir no lagt fram sak til handsaming i skulestrukturutvalet knyt til ei slik vurdering.

### Kommunestyre 14.11.2022

#### Behandling:

Ungdomsskule, foreslått av Miriam Nystøy, Framstegspartiet

Forslaget om felles ungdomsskule i det videregående skulebygget i Syvde, vert lagt ut på høyring 6 veker frå nyttår.

Ordføraren tok opp spørsmål om gildskap - meinte at at ho er ugild då ho er tilsett som rektor på Åheim skule og vert omfatta av tilråding om etablering av felles ungdomsskule i vidaregående skulebygget i Syvde.

Varaordføraren tok over møteleiinga og opplyste at kommuneadvokaten også meiner at ordføraren er ugild.

Ordføraren vart samråystes kjend ugild og gjekk frå under handsaming av saka.

Etter framlegg frå Ottar Jan Løvoll vart det halde gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Ottar Jan Løvoll fram slikt fellesframlegg:

Forslaget om felles ungdomsskule i det videregående skulebygget i Syvde vert lagt ut på høyring i 6 veker.

Votering.

**19 røyster for fellesframlegget**  
**Ingen røyster for tilrådinga frå formannskapet.**

**KO - 112/22 Vedtak**

Forslaget om felles ungdomsskule i det vidaregåande skulebygget i Syvde vert lagt ut på høyring i 6 veker.

**Formannskapet 08.11.2022**

**Behandling:**

Ottar Jan Løvoll tok opp spørsmål om ordføraren sin gildskap: Har tilsetjing som rektor på Åheim skule.

Ordføraren meinte at ho ikkje var ugild. Heller ikkje kommunedirektøren meinte at ho var ugild.

Ordføraren overlet møteleiinga til varaordføraren.

Det vart votert over ordføraren sin gildskap:

**3 røyster for at ordføraren er gild** (varaordførar Ingebrigt Berget, Øystein Blom, Bjarne Sætrenes).

**3 røyster for at ordføraren er ugild** (Ottar Jan Løvoll, Idar Brekke, Katrin Brekke Sunde)  
Med fung. ordførar si dobbelrøyst vart ordførar Lena Landsverk Sande kjend gild og tok over leiinga av møtet.

Ho fekk innvilga permisjon kl.11.15 og deltok ikkje under vidare handsaming i saka.  
Møtet vart då leia av varaordførar Ingebrigt Berget.

Votering:

**5 røyster for tilrådinga frå skulestrukturutvalet**

**1 røyst mot tilrådinga frå skulestrukturutvalet** (Bjarne Sætrenes).

**FO - 132/22 Vedtak**

**Formannskapet tilrår:**

Det vert etablert ein ny felles ungdomsskule i det vidaregåande skule bygget i Syvde.  
Høyringsfristen blir sett til seks veker.

**Politisk arbeidsutval - framtidsretta barnehage- og skulestruktur 25.10.2022**

**Behandling:**

Det vart peika på at det i saksframlegget vart vist til at skulestrukturutvalet hadde hatt fire møte, medan det riktige skulle vere fem.

Det vart sett fram slikt fellesframlegg:

Skulestrukturutvalet rår til å etablere ein ny felles ungdomsskule i det vidaregåande skule bygget i Syvde.

Høyringsfristen blir sett til seks veker.

Votering:

**6 røyster for framlegget.**

**1 røyst mot framlegget** (Solveig Menes).

**PAFBS - 03/22 Vedtak**

Skulestrukturutvalet rår til å etablere ein ny felles ungdomsskule i det vidaregåande skule bygget i Syvde.

Høyringsfristen blir sett til seks veker.

**Tilråding:**

Forslag om bruk av bygg i Syvde, som tidlegare har vore nytta som vidaregåande skule, til ungdomsskule blir lagt ut for høyring.

Høyringsfristen blir sett til seks veker.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 08.11.2022 - 132/22

**Formannskapet tilrår:**

Det vert etablert ein ny felles ungdomsskule i det vidaregåande skule bygget i Syvde.

Høyringsfristen blir sett til seks veker.

## **Saksopplysningar:**

Kommunen arbeida i perioden 2019 - 2021 med framtidsretta barnehage- og skulebruksplan. Med bakgrunn i dette arbeidet var det fremja ei politisk sak i kommunestyret 6. september 2021, der det var gitt følgjande føringer for det vidare arbeidet:

- Vanylven kommune beheld barnehage og 1-7 trinn på alle skular som i dag i overskodeleg framtid, og forkastar forslaget om prøveprosjekt med vekselvis samlokalisering av ungdomsskule.
- Ein utset punktet om felles ungdomsskule til ein kan samanlikne kostnadene på ein ny ungdomsskule kontra ombygging av VGS i Syvde. Samt kostnadene med transport, kontra to ungdomsskular som i dag.
- Saka må kome attende når Kommunedirektør kan kome med forslag til vedtak utan at tilsette i organisasjonen kjem med eigne uttalar parallelt. Vi ser også ein etterlengta vekst i Vanylven for tida, samstundes som vi ikkje vil behandle ungdomsskulesaka i budsjetsamanheng. Tidlegaste handsaming vert då 2023.
- Vi ønsker også at ein snarleg ser på leksefri skule!
- Politisk utval som jobbar med å vurdere forslag til framtidig ungdomsskule i Vanylven, bør settast saman med ein person ifrå kvart parti. Å vere småbarnsforelder er gjerne ein føresetnad for å vere med i utvalet

Skulestrukturutvalet som var nedsett av kommunestyret 6. september 2022 har hatt fire møte, der utvalet har sett på lokalitetane i den tidlegare vidaregåande skulen (skulebygget) samt har hatt vidare dialogmøte med leiing og tillitsvalde på Myklebust barne- og ungdomsskule og Åheim barne - og ungdomsskule. Kommunedirektøren har i samsvar med kommunestyrevedtaket, og i samråd med skulestrukturutvalet, fått vurdert skulebygget av eksterne konsulentar. Det var Telemarksforsking som tok den generelle vurderinga av skulebygget etter synfaring, og så har Ernst & Young saman med Telemarksforsking sett på kostnadsbilete knytt skulebygget; uteareal og spesialrom. Vidare så har Norconsult vurdert og utarbeidd eit notat knytt til eventuelle utfordringar ved at elevane må bevege seg frå det nye skulebygget til uteareal og spesialrom ved Myklebust barne- og ungdomsskule.

I mandatet til skulestrukturutvalet ligg det føringer for å samanlikne bruk av skulebygget i Syvde opp i mot å byggje ein nye skule. I denne samanheng har Telemarksforsking og Ernst & Young vist til at kommunen vil ha meir kompetanse til å gjere ei slik stipulering - mellom anna fordi kommunen har eit prosjekt med bygging av ny skulefløy på Fiskå. Kommunedirektøren har difor gitt kommunalsjefen for teknisk i oppdrag å stipulert bygging av ein ny ungdomsskule, og dette er stipulert til kr 37,6 million eks.mva.

Kostnaden ved å byggje ein ny ungdomsskule må vurderast opp i mot det som Telemarksforsking og Ernst & Young har lagt til grunn som nødvendig investeringskostnad, dersom skulebygget i Syvde skal nyttast som ein felles ungdomsskule for alle elevane i kommunen, som er vesentleg rimelegare:

Investeringar	Kostnad
Riving av gammel skole	2 000 000
Tilpasning og utbedring av uteområdet 1400 kr.m <sup>2</sup> * 3083 m <sup>2</sup> uteareal	4 316 200
Spesialrom	1 200 000
Tilpasning og utbedring av byggemasse 15 000kr.m <sup>2</sup> *50m <sup>2</sup>	750 000
<b>Sum</b>	<b>8 266 200</b>

Med bakgrunn i denne investeringskostnaden; endringar i transportkostnadane; endring i årsverk samt årleg nytt grunnskuletilskot, så blir det lagt til grunn at kommunen vil få følgjande netto innsparing frå 2026:

Kostnadsendringer i driftsresultat	
<b>Årlig kostnad (-)</b>	
Årlig lånekostnader	352 909
Årlig vedlikeholdskostnad	200 000
Lengre reisevei	125 400
Nyoppstått bussbehov	239 400
Totalt 30 elever der, 15 har fått lengre reisevei, og 15 har et nyoppstått bussbehov	
<b>Årlig besparelse (+)</b>	
Lærare 2 årsverk	1 400 000
Administrasjon 1 årsverk	800 000
Årlig økt statlig støtte	500 000
<b>Årlig kostnadsreduksjon totalt til driftsregnskapet</b>	<b>1 782 291</b>

I tillegg kjem eventuelle vedlikehaldskostnadalar til skulebygget, dersom det må gjerast særskilde vedlikehaldskostnadalar for å nytte skulebygget som ungdomsskule.

Kommunedirektøren legg til grunn at utgreiingane syner at skulebygget kan nyttast som ungdomsskule - både for elevane frå Myklebust og for elevane frå Åheim - og med ei investering på kr 8.3 million vil det vere ei netto innsparing på drift på kr 1,8 million per skuleår frå 2026. Kommunedirektøren vil vise til at dette er det same innsparingspotensialet som var rekna ut i 2017, når kommunen hadde ei ressursanalyse av heile kommunen - denne ligg også som vedlegg til saka.

I tillegg vil kommunedirektøren vise til at det er kome inn to budsjettinnspele frå innbyggjarar i kommunen til budsjettet 2023, der det blir vist til at barneskulen ikkje kan nyttast som skulebygg lenger og at det er eit ønske om å bruke den gamle vidaregåande skulen som ungdomsskule. Vidare så har FAU ved Myklebust barne- og ungdomsskule peike på at det er fleire rom i barneskuledelen på Myklebust som ikkje kan nyttast på grunn av asbestfunn - dette er rom som i dag ikkje er i bruk.

Kultur- og oppvekstsektoren har i oppdrag om å sjå på leksefri skule, som vil bli lagt fram for skulestrukturutvalet som eige sak når dette er ferdig utgreidd.